

## 1 **VEDLEGG 2: FORSLAG TIL RESOLUSJON OM NORSK FAGSPRÅK**

2 *Forslagstiller: Stein Olav Romslo*

### 3 **ME VIL HA NORSK FAGSPRÅK!**

4 Eit nytt studieår er i gang, og ein ny sjanse for universitet og høgskular i heile Noreg til å møte  
5 studentane sine med respekt – på alle måtar. Det inkluderer respekt for språket deira.

6 I mållova er det slått fast at alle statlege institusjonar skal bruke kvar av dei to norske skriftspråka i  
7 ein stor del av kommunikasjonen sin. Realiteten er at ingen høgare utdanningsinstitusjonar  
8 oppfyller kravet i lova. I praksis tyder det at dei fleste institusjonane brukar for lite nynorsk, medan  
9 nokre svært få brukar for lite bokmål. Utan at det nødvendigvis er meininga fører dette til at det er  
10 vanskelegare å vere nynorskbrukar, sidan ein ser lite nynorsk i kvardagen sin.

11 Norske utdanningsinstitusjonar har, ifølgje universitets- og høgskulelova, ansvar for å vedlikehalde  
12 og utvikle norsk fagspråk på alle område. Språket utviklar seg når det brukast, då er det viktig at  
13 også studentane får møte og bruke fagspråk på norsk. Faggruppene er dei som brukar språket i  
14 forskingsfronten må lage gode ord på norsk dersom det ikkje allereie eksisterer. Norske  
15 akademikarar har ansvar for å samarbeide om å lage felles terminologi på tvers av faggrupper og  
16 institusjonsgrenser.

17 God terminologi er ein del av formidlingsoppgåva til utdanninginstitusjonane. Både forskarar,  
18 undervisarar og studentar er avhengig av eit godt og presist fagspråk. Dessutan er gode ord på  
19 norsk med på å gjere formidling til befolkinga elles enklare, sidan fagterminologien kjem i ei kjent  
20 språkdrakt.

21 Norsk studentorganisasjon meiner at

- 22 • alle statlege utdanningsinstitusjonar må sende rapport om målbruk til Språkrådet innan
- 23 fristen, og ha konkrete tiltak for å oppfylle krava i mållova.
- 24 • statsråden må sende tydelege signal til institusjonane om at dei må følgje alle lovar og
- 25 reglar som gjeld for dei.
- 26 • det må vere nok søkbare midlar til faggrupper som vil bidra med materiale til Språkrådets
- 27 termwiki<sup>1</sup> - særleg på nye område, både på bokmål og nynorsk.
- 28 • leiarar ved institusjonane må oppmode dei vitskapleg tilsette til å vedlikehalde og utvikle
- 29 norsk fagspråk.

---

<sup>1</sup> <http://www.termwiki.sprakradet.no/wiki/Hovedside>